

KOPPIVPA, ELS

**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
14/446

Vår ref.
14/666 - GRK

Dato
03.03.2014

Høyring - Forslag til enkelte tilpasningar i deler av folketrygdas regelverk som følge av innføring av ny uføretrygd

Vi viser til Arbeids- og sosialdepartementets brev av 31. januar 2014.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:


Vi nyttar høvet til å peike på enkelte regeltekniske spørsmål. I utkastet til ny § 19-18 i folketrygdlova heiter det i andre ledd andre punktum at «Deretter blir alderspensjonen redusert og skal under oppholdet utgjøre 14 prosent av alderspensjonen.» Dette er ein noko forvirrande ordlyd, og det bør presiserast at det i sistnemnde tilfelle er tale om den opphavlege pensjonen. Tilsvarende gjeld for utkasta til folketrygdlova § 20-22 andre ledd andre punktum i og § 12-19 andre ledd andre punktum.

I utkastet til forskrift om uføretrygd frå folketrygda burde òg reglane i kapittel 5 vore med, sjølv om desse tilsvavar dei som gjeld i dag. Høyringa presenterer eit komplett utkast til ny forskrift, og då må alle reglane vere med. I utkastet til § 3-3 i denne forskrifta bør fyrste ledd formulerast annleis. Det verkar ikkje å vere behov for utkastet til andre punktum, og i fyrste punktum kan det seiast at uføretrygda skal reduserast når inntekta i kalenderåret på noko vis overstig inntektsgrensa fastsett etter folketrygdlova. I tredje ledd andre punktum bør det gå tydeleg fram kva som kan framskaffast gjennom Elektronisk dialog med arbeidsgivere (EDAG). Dersom meininga er at reduksjonen kan skje på grunnlag av opplysningar innhenta gjennom dette forumet, bør dette seiast klart.

I utkastet til overgangsforskrift for omrekning frå uførepensjon til uføretrygd bør

punktoppstillingane i fjerde og femte ledd formulerast noko annleis. Fjerde ledd andre punktum kan formulerast som «Dersom medlemmet har rett til minste årlige ytelse i uføretrygden etter ordinær sats, jf. folketrygdloven § 12-13 andre ledd, skal beløpet fastsettes på følgende måte:». Så kan det i bokstav a, b osv heite «Dersom beløpet etter første til tredje ledd er...» osv. slik det går fram av utkastet. Femte ledd fyrste punktum osv. blir formulerte på tilsvarende vis.»

Med vennleg helsing

for
Bente J. Kraugerud
avdelingsdirektør


Grethe Kleivan
avdelingsdirektør